



Nordhordland skogeigarlag v/ Nils Kaalaas

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3290 - 16/6822

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

06.04.2016

Revidering av strategi og retningsliner for nærings- og miljøtilskot i skogbruket

Strategi og retningsliner for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for Meland kommune er gått ut, og ein ny strategi for kommande år må vedtakast. NMSK-midlane er statlege midlar som er styrt gjennom eigen forskrift, forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK forskrifter). Føremålet med å ordninga er at det ut i frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskapning, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne vert tatt vare på og utvikla vidare jf. § 1 formålet i NMSK forskrifter.

NMSK-midlane dekkjer fleire tiltak som det kan gis tilskot til. Dette er i hovudsak knytt opp til skogkultur, vegbygging, drift med taubane, drift med hest og miljøtiltak. Gjennom forskriftera vert det styrt kva tiltak kommunen løyer tilskot til, medan nokre tilskot er fylkesmannen ansvarleg for. Kommunen skal ofte tilrå tilskot i dei sakene fylkesmannen vedtek at tilskot skal løvvast.

Det skal utarbeidast overordna retningsliner for prioritering av søknader og tilskotssatsar, og det er desse som no må reviderast.

Kommunen har ansvaret for å bestemma tilskotssats, prioritera søknader og gjera vedtak på søknadar om tilskot til skogkultur og til miljøtiltak. Fylkesmannen har det same ansvaret for saker som gjeld tilskot til bygging av veg, drift med taubane eller hest. I desse sakene skal kommunen komme med tilråding om tilskotet før fylkesmannen gjer vedtak. Fylkesmannen har eigne regler og retningsliner for tildeling av deira tilskot. Etterspørsla etter tilskot er varierande, det avhenger av kor mykje aktivitet det er i skogen og kva tiltak som vert gjort. Tilskotet skal fungera som eit insentiv for skogkultur og miljøtiltak i tillegg til skogfondsordninga. I hovudsak ynskjer Fylkesmannen i Hordaland at ein fyrst og fremst skal nytta seg av skogfond til planting etter hogst. Dette for at ein kan nytta NMSK-midlane betre til andre og meir kostnadskrevjande tiltak. Fylkesmannen i Hordaland har tidligare utarbeidd eigne rettleiande satsar til dei tiltak kommunen administrerer, dette for at ein skal unngå store forskjellar i mellom kommunane i fylket.

Dei kommunale retningslinene for perioden 2016-2019 er i hovudsak dei same som for førre periode, det skuldast at det desse tiltaka som er dei mest aktuelle for Meland kommune. I den nye strategien har

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

tilskotssats til planting etter hogst vorte redusert frå 50 % til 30 %. Dette skuldast at kommunen har avgrensa med midlar og må prioritera ved stor etterspørsel. Det er i seinare år avverka og planta meir areal i kommunen, desse areala vil på sikt trenge avstandsregulering. Administrasjonen meiner at det vil vere viktig å prioritera avstandsregulering for å skape god kvalitet på tømmer som skal avverkas på sikt. Dette er også eit viktig tiltak for å skape meir stabile og stormsterke bestand som vil ha ein høgare toleranse mot vindskader. Klimaprognosar for tida framover peiker i retning av meir nedbør og auke i vind, samtidig som det vil kunne vere storm oftare enn før. Det er etter større uvær ofte store vindskadar i regionen, som kan sjåast i samanheng med lite eller manglande skogskjøtsel og avstandsregulering. Kommunen meiner at dette vil bli eit tema som vil bli viktigare å prioritera i tida framover.

I samband med revideringa sender Meland kommune strategi og retningsliner for NMSK tilskot 2016-2019 til Meland Bondelag og Nordhordland skogeigarlag. Kommunen gjer dette for å få innspel til prioriteringane og tilskotssatsane.

Me ber om at innspel sendast til kommunen innan **18.04.16**

Har de spørsmål knytt til dette kan de kontakta underteikna.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:
Strategi og retningsliner 2016-2019 NMSK

Mottakere:

Meland Bondelag v/ Helge
Henanger
Nordhordland skogeigarlag v/ Nils
Kaalaas